



## Fylkesmannen i Hordaland

Sakhandsamar, innvalstelefon  
Anne Grete Robøle, 5557 2231

Vår dato  
22.04.2016  
Dykkar dato

Vår referanse  
2016/3386 733.1  
Dykkar referanse

Likelydande til:  
Eid fjord kommune  
Bømlo kommune  
Granvin herad  
Masfjorden kommune  
Radøy kommune  
Ulvik herad

### Miljøstatus i barnehagane - retting

Fylkesmannen viser til brev av 18. april 2016 om miljøstatus i barnehagane. Vi har dverre gitt feil opplysningar i brevet og ber om orsaking for dette. Ver venleg å leggje dette brevet til grunn.

Helsedirektoratet har bedt om at fylkesmennene følgjer opp kartlegginga av miljøstatus i barnehagane.

På spørsmål om tilsyn med barnehagane siste tre år, om barnehagane har internkontrollsysteem og ein forpliktande vedlikehaldsplan har kommunane svara:

Kommune	Tilsyn siste tre år	Internkontrollsysteem	Forpliktande vedlikehaldsplan
Eid fjord	Nei	Ja	Nei
Bømlo	Ja	Ja	Veit ikkje
Granvin	Nei	Ja	Nei
Masfjorden	Ja	Ja	Nei
Radøy	Ja (med tre av fire)	Ja	Nei
Ulvik	Nei	Ja	Nei

Innan 20. mai 2016 ber vi om tilbakemelding om opplysningane som er omtalt ovanfor om tilsyn og vedlikehaldsplan, er rett, eventuelt om det er ført tilsyn med barnhagane etter at kommunen sende sitt svar til TNS Gallup.

#### Om vedlikehaldsplan

Helsedirektoratet fortolkar folkehelselova med forskrifter. I rettleiaren «Miljø og helse i barnehagen», IS-2072, er det gjort ei presisering av krava til vedlikehald etter forskrifta § 7, vedlikehaldsplan etter § 6 og krav til reinhald og vedlikehald etter § 13. Helsedirektoratet legg til grunn at vedteken vedlikehaldsplan skal ligge føre ved godkjenning. Verksemder som manglar vedlikehaldsplan kan etter dette gjevast avvik ved tilsyn.

I rundskriv I-1/2012 *Om godkjenning av barnehager og skoler etter regelverket for miljørettet helsevern* gjorde Helse- og omsorgsdepartementet det klart at barnehagar og skular som ikkje oppfyller krav i forskrift om miljørettet helsevern i barnehager og skoler, ikkje skal vere godkjent. Dersom det ved kommunens tilsyn med ein barnehage blir funne brot på krav i forskrifta som har

konsekvensar for godkjenninga, bør det sendast førehandsvarsel om bortfall av godkjenning. Ved ny søknad om godkjenning bør vedteken vedlikehaldsplan leggjast fram, jf. krav til dokumentasjon i § 6.

På bakgrunn av svar på kartlegginga har vi bedt om tilleggsopplysningar frå dei fleste kommunane i fylket. Vi tek sikte på å informere Helsedirektoratet om resultatet innan 1. juli 2016.

Med helsing

Helga Arianson  
fylkeslege

Anne Grete Robøle  
seksjonsleiar

*Brevet er godkjent elektronisk og har derfor ingen underskrift.*